



Meland golfklubb
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1827 - 16/14741

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

19.07.2016

Mangelsbrev - GBNR 4/1 - Søknad om plassering av flytebryggjer - Leirvik gard

Vi stadfestar å ha motteke søknad om plassering av nye flytebryggjer på gbnr. 4/1, journalført 5.7.2016.

Det er søkt om plassering av flytebryggjer på eit område som er regulert til gjestehamn i reguleringsplan for del av Leirvik gard, planid: 125619960529. Tiltaket er dermed i samsvar med regulert formål.

Før vi kan handsame søknaden må de sende søknad om løyve til tiltaka til Bergen og Omland Havnevesen. Skjema for dette finn de på havnevesenet si nettside.

Vidare må Hordaland fylkeskommune, som matrikkelført heimelshavar, signere på at de som leigetakar kan søkje om tiltaka.

Omsøkte flytebryggjer er også søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-2, jf. § 20-1, med krav om ansvarleg føretak, jf. § 20-3. Dette inneber at søknaden må stå føre av eit føretak med ansvarsrett.

Det ansvarlege føretaket skal vite kva søknaden må innehalde, men vi viser til at tiltaka blant anna må visast på teikningar, føresetnadsvi i målestokk 1:100, og plassering av tiltaka må visast på målsatt situasjonsplan. Det må også opplysast om kor mange båtplassar ein vil leggje opp til. Tiltaka må også nabovarslast, jf. pbl § 21-3.

Kommunen avventar vidare handsaming til søknaden er fullstendig, jf. pbl § 21-4.

Med helsing

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Meland golfklubb

5918

FREKHAUG